

# PROTOKOLL

## MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 2.9.2020 kl.17.00-19.00

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Else Karin Veslegard, Torfinn Slåtto, Vigdis Moen Storhaug, Arild Øystese Hansen, Anne Kjersti Frøyen, Wenche Smestad; Wenche Skår Ekse (vara)

Forfall: Liv Margit Sørbøen

Opning: Else Karin – Ingenting er som det engang var

Saksnr.		Ansvar
37/20	<b>Godkjenning av innkalling og protokoll</b> Ingen merknadar til innkalling eller protokoll.	
38/20	<b>Samtale med kyrkjelydspedagog Kristine</b> BUK-dagen var ein stor suksess med mange deltakarar og gode leiarar. Fint at deltakarane kunne velje gruppe etter sin interesse. Har vore litt vanskeleg i koronatida fordi ein viktig del av arbeidet er å møte born og ungdom. Dette er også ein stor motivasjon for arbeidet. Vart leigd ut til Nedre Ål skule i vår som lærar. Trivst likevel godt i staben på kyrkjekontoret. Har no meir tid til å vere med i konfirmantarbeidet. Vil gjerne følgje opp ungdomane etter at dei er konfirmert (tenesteoppgåver). Prøver å få i gang eit alfakurs for ungdom etter haustferien. Gler seg til å gje den nye kyrkjeboka til 4-åringane. Etter skuletid blir inntil vidare ikkje gjennomført, men det er ynskjeleg å starte opp igjen etterkvart kanskje med mindre grupper. Babysong startar opp i oktober med smitteverntiltak. Det er viktig at ikkje alle møteplassar blir avlyst. Mykje god attendemelding frå soknerådet om korleis arbeidet som kyrkjelydspedagog blir utført. Takk for den jobben du gjer!	
39/20	<b>Justering av lokal grunnordning for gudstenestene</b> Vigdis gjekk gjennom dei ulike ledda i gudstenesta og koder for å forstå gudstenestene betre. Det vart delt ut to dokument som grunnlag for arbeidet om justering av lokal grunnordning. Pkt 64 i «Alminnelige bestemmelser for ordning for hovedgudstjeneste» viser dei tema som soknerådet skal ta avgjerder om. Det vart også delt ut noverande ordning for dei tre kyrkjesokna i Ål. Medlemene må sete seg inn i grunnlaget før neste møte. Me legg opp til å leggje fram framlegget vårt til kyrkjelydsmøte i februar 2021. Før dette skal også dei tilsette vurdere framlegget.	<b>Soknerådet</b>
40/20	<b>Sal av klede i våpenhuset etter gudsteneste i Ål kyrkje 22.nov</b> Soknerådet ynskjer ikkje kommersielt varesal i våpenhuset i samband med gudstenester. Dette gjeld også for gudstenesta den 22.nov. Dersom det er ynskjeleg gir soknerådet i staden løyve til sal i kyrkjestugu.	<b>Staben</b>
41/20	<b>Kveldssamling i Ål kyrkje onsdagar</b> Soknerådet er generelt positive til tverrkyrkjeleg arbeid og samlingar i kyrkja med bidrag frå t.d. Håp. Dette bør gjerast i samråd med styringsgruppe for open kyrkje. Vigdis tek dette opp i tverrkyrkjeleg leiarforum og staben i kyrkja. Vi bør definere kvar ansvaret for innhald og gjennomføring skal ligge og soknerådet ynskjer også her ein påverknad på kva som skal skje i kyrkja.	<b>Vigdis M S</b>
42/20	<b>Digitale gudstenester</b> Det vart lagt fram eit framlegg om å prøve ein lokal variant av «Plussord» med Egil Svartdal. Dette kan vere korte tankar for dagen (eller veka) med enkelt opptaksutstyr. Facebooksida til kyrkja på Ål og Instagram kan gjerne nyttast for å formidle dette. Det er ikkje utenkeleg at dette vil samle fleire følgjarar på desse plattformene. Eit samarbeid med Hallingdølen bør også vurderast.	<b>Vigdis M S</b>

Soknerådet er positive til dette, utan at vi ynskjer å pålegge staben ekstra meirarbeid utan vidare. Vigdis tek i første omgang tankane opp i eit stabsmøte og høyrer korleis stemninga er der.

Slike korte innlegg eignar seg ikkje så godt for sjukeheimen. Vi bør vurdere nærare om det kan vere aktuelt med overføring av gudstenester dit.

**43/20**

**Meldingar**

Ofring til Redd Barna i Ål kyrkje måtte utgå og bør takast inn att seinare.

**44/20**

**Eventuelt**

Soknerådet gir løyve til at Fryd scene kan nytte Ål kyrkje til konsertar 8.nov (Klæbo og Grorud) og 23.nov (Storløykken).

Me må tenkje på kva vi skal gjere med gudstenestene på juleeftan. Det er vanskeleg å arrangere gudstenester den dagen med dei restriksjonane me har no då alt for mange vil bli avvist i døra.

Neste møte: 14.10.2020 kl 1730 i kyrkjestugu

Opning:

Skrivar: Torfinn Slåtto